

Kjerringvern:

Stadutvikling gjennom bygningsvern utført av kvinner

Kven skal definere korleis vi skal vidareføre kulturarven? Dette er blant dei spørsmåla ei gruppe kvinner i Nordre Land har stilt seg – og dei har sjølve gitt svaret gjennom etablering av kvinnennettverket «Kjerringvern».

Tekst: Mathias Øvsteng
mathias@kulturarv.no

Foto: Inger Chr. Årstad

NORDRE LAND: Dette er deira måte å synleggjera innsatsen kvinner har gjort – og gjer – for bygningsvern, gjennom arbeid, tradisjon og funksjonalitet. Nettverket «Kjerringvern» er for alle kvinner over heile landet, og er skapt som ein del av det nasjonale «kvinnovasjonsprosjektet», lokalisert i næringshagen på Dokka i Oppland fylke. Tiltaket er finansiert av Oppland fylkeskommune, regionrådet og kommunane Søndre Land og Nordre Land. Ideen er ei forlenging av arbeidet i «Nettverket for kvinnelige bygningsvernere i Nordre Land», og pro-



Redaksjonsgruppa i kjerringvern.no. Frå v. Torill Sogn Haug, Margit Rønnerud, Inger Christine Årstad og Ann-Kirsti Seiersten.

sjektet er eit bidrag til realiseringa av kulturarvsatsinga 2011–2014 i fylkeskommunen. Prosjektleiar Ann-Kirsti Seiersten presiserer at dei godt og vel 50 kvinnene frå 11 kommunar som hittil deltar i nettverket, ikkje først og fremst er handverkarar, men pådrivarar og inspiratorar – gjennom f.eks. temakveldar, fagekskursjonar, ulike

lokale prosjekt og informasjonsarbeid. Kunnskapsproduksjon, nettverksarbeid og formidling er sentrale element i bygningsvernprosjektet, og kompetansen blant medlemmene i nettverket er hovudsakleg erfaringsbasert.

– Ingen spor hvor lang tid du har brukt, men hvem som har gjort det. Slik refererer Margit Rønnerud



Golvteppa, gardinane, sengekleda og brukstekstilane formødrene vov, var Margit Rognrud (66) sin inngangsport til handverk, historieformidling og bygningsvern. Golvteppet fra finstua er i dag veggteppe.

– utnemnd til «Opplands eldsjel» for aktivt kulturvernarbeid i 2009 – eit perspektiv til tankegangen om dagens effektivitetskrav, slik mor hennar uttrykte det. Dette perspektivet gir også farge til bakteppet for kulturvernarane i nettverket «Kjerringvern». Ann-Kirsti Seiersten seier at kvinnene som engasjerer seg i bygningsvern gjennom nettverket, løftar fram kvarandre gjennom sine eigne historier – med kunnskap, råd og erfaringar.

Det har gjerne vore slik at det ofte er kjerringar som tar initiativet, har idear og ønske – men at det er menn som utfører og er synlege når det gjelder bygningsvernet. I nettverket «Kjerringvern» er den immaterielle sida av bygningsvernet viktig: Å skapa støtte til kvinnelege bygningsvernarar gjennom haldningar, moglegheiter, inspirasjon, framsnakking og positive ringverknader. Dette er faktorar som elles er for lite synlege lite i det offentlege rom. For




Ein rull med blåmønstra tapet frå 1860-talet er funne under sagflisa på eit loft i Dokka. Interiørarkitekt Torill Sogn Haug drøymer om at mønsteret skal relanserast for tapetkolleksjonen «Norsk Arv» under Dokkanavnet Baggerud.



Våkre bordar rammar inn døropninga. Elin Mathisen bruker framleis det økerfarga pulveret farfaren i si tid tok med frå Oslo til Granavollen. Spesiallaga maling er ein viktig ingrediens i det nittide restaureringsarbeidet av den freda horudbygningen på presteenksetet Sjo.

«Kjerringvern» handlar det kort stutt sagt om å skapa støttestrukturar og nettverk som ikkje finst frå før – for kvinnelege bygningsvernarar. Vi forstår at nettverket legg vekt på å samle og bruke eigne rollemodellar som ressursar i ein felles kunnskapsbase, blant anna med tanke på infor-



Gjennom stilsikker bevaring av næringsbygget i sveitserstil blir Dokka sentrum fiffå opp ved hjelp av dei kreative evnene til Åse Marit Jeranli

masjon gjennom nettportalen www.kjerringvern.no.

Blant aktuelle tema i «Kjerringvern» siste året har vore «Ny bruk av ledige landbruksbygg», «Landsbygdas hager – et historisk tilbakeblikk», «Opplandske Spesialtre» – ei ny bedrift for spesialmaterialar og tradisjonshandverk, tunplanlegging og restaurering av eit gammalt seterhus i Vestre Slidre.

«Kjerringvern» skal vera brubyggjar mellom realkompetanse og formalkompetanse, med bakgrunn i bl.a. samarbeid med Randsfjordmuseene og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Synleggjering av kvinnelege entreprenørar med utgangspunkt i landbruk og anna næringsutvikling er sentrale aspekt i dette. Bruk av bygningsvernkompetansen blant medlemmene i eige nettverk er viktig. Fleire av medlemmene har fått prisar for sin bygningsverninn-sats, og står fram som gode rollemodellar... ☺